



Sendt per e-post til vedlagte adresseliste

## Høyring - forvaltningsplan for Hjartdal og Svartdal - Utvalt kulturlandskap i jordbruket - desember 2018

Fylkesmannen sender med dette forslaget til forvaltningsplan for Utvalt kulturlandskap i Hjartdal og Svartdal på høyring. Forvaltningsplanen skal vere ein rettleiar for grunneigar/brukar og forvaltninga om å ta vare på kulturlandskapet i Hjartdal og Svartdal.

### Utvalde kulturlandskap i jordbruket

Formålet med Utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL) er å sikre eit utval av godt bevarte kulturlandskap. Områda skal ha store kulturhistoriske, biologiske og økologiske verdiar, representere variasjonen av kulturlandskap knytt til jordbruket og utgjere heilskapleg landskap med struktur og innhald forma av langvarig drift.

Bygdene Svartdal og Hjartdal Nordbygd vart i mai 2017 valt ut som eitt av ti nye område etter formell utveljing av Klima- og miljødepartementet (KLD) og Landbruks- og matdepartementet (LMD). Til saman er det nå 41 Utvalde kulturlandskap i Noreg som representerer særskilte og nasjonale verdiar.

### Høyringa

Utkast til forvaltningsplan er lagt ut på nettsidene til [Fylkesmannen i Telemark](http://fylkesmannen.no) og Fylkesmannen i Vestfold og Telemark (frå 01.01.19). I tillegg er den lagt på Hjartdal og Seljord kommunar sine heimesider. Annonse er sett i Telen og Vest-Telemark blad.

Frist for å gje uttale til forvaltningsplanen er sett til **30.01.19**.

Send uttale til [fmvtpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvtpost@fylkesmannen.no) eller til Fylkesmannen i Vestfold og Telemark, Postboks 2076, 3103 Tønsberg (merk ny adresse).

Alle grunneigarar og interesserte er velkomne til informasjonskveld om forvaltningsplanen onsdag **16.01.19 kl. 19.00 på Bergtun i Hjartdal**.

I tillegg til instansane på adresselista er det høve for andre til å uttale seg til høyringsutkastet.

Med helsing

Helge Nymo  
landbruksdirektør

Anne Aasmundsen  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

Vedlegg

1. Høyringsutkast – Forvaltningsplan for kulturlandskapet i Hjartdal og Svartdal – som utvalt kulturlandskap
2. Høyringsliste - adresse-mottakarar